

Olje- og energidepartementet

Innspel til stortingsmelding om flaum og skred

Regjeringa har sett i gang arbeid med stortingsmelding som har tema flaum og skred. Sognarådet interkommunalt politisk råd ønskjer å kome med innspel til denne meldinga.

Kommunane i Sognarådet opplever allereie konsekvensane av klimaendringane. Topografien i indre delar av Vestland gjer at det går svært kort tid frå styrtregn til at det oppstår ras og flaum. For dei kommunane i indre Vestland – som Lærdal, Voss, Ullensvang og Årdal – som ikkje kan regulere sine vassdrag, er dette ekstra utfordrande. Inst i Sognefjorden er den mest alpine delen av Noreg. Meir styrtregn og mildvær høgt til fjells midt på vinteren er mellom anna klare indikasjonar på at det har vore endring i klima. Vi ser at det kjem fleire ras og fleire flaumar.

Sognarådet ber om at stortingsmeldinga seier noko om den spesielle situasjonen kommunar i indre Vestland står overfor i ein situasjon med stadig fleire ras og flaumar – og vurderer tiltak og eventuelt nytt lovverk opp mot slike utfordringar.

Sognarådet ønskjer å vere tydeleg på at kommunane i indre Vestland er samfunn som er livskraftige med mellom anna mykje industri. Samfunna skapar betydelege nettoinntekter for nasjonen og utnyttar rein energi frå til dømes vasskraft. Det er derfor behov for tiltak og eventuelt endring av lovverk som gjer det mogleg å utvikle desse samfunna for å møte klimaendringane. Eksempel på dette er at lovverk som skal ivareta naturmangfald ikkje skal vere til hinder for sikring av område for bustader, institusjonar eller næringsliv/industri. Lovverket bør ikkje vere til hinder for etablering av skredvoller eller sikring av vassdrag. Liv og helse må gå foran.

Oppsummert ber Sognarådet om at det vert teke to omsyn:

- Vi ber om at Nærings- og fiskeridepartementet vurderer tiltak og lovverk ut i frå at i indre delar av Vestland er det behov for svært rask respons pga. det alpine landskapet. I motsetning til delar av Austlandet – der det kan gå dagar frå det kjem mykje nedbør til ein ser konsekvensane, er det i indre delar av Vestlandet ofte kun timar mellom mykje nedbør, ras og flaum.
- For å utvikle indre delar av Vestland er det behov for areal til bustader, institusjonar og industri/næring. Slik topografien er i desse kommunane må bygga kunne sikrast mot flaum og ras. Dette kan skje ved bygging av rasvoller og sikring av vatn/elvar. Lovverk – som innan naturmangfald – bør i minst mogleg grad vere til hinder for å sikre liv og helse.

Med helsing

Roy Egil Stadheim
rådsleiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.